



Søknad om pleie- og omsorgstenester i Aukra kommune

Om søknaden

Om du treng hjelp til å fylle ut søknaden eller om du ynskjer å søkje munnleg kan du ta kontakt heimetenesta i kommunen på telefon nummer 481 56 310.

Skjema skal fyllast ut av søkjar dersom søkjar er i stand til det. Dersom søkjar ikkje kan fylle ut skjema sjølv kan ein partrepresentant gjere det. I slike tilfelle må skriftleg fullmakt, framtidsfullmakt, vergemandat eller bekrefting på foreldreansvar leggest ved søknaden.

Søknaden sendast til: Koordinerande eining i Aukra kommune
Aukraringen 14
6480 Aukra

Dine rettar som søkjar

Du som søkjar har rett på naudsynt helsehjelp etter Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 og Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2. Tenestene som leverast skal vere naudsynte og forsvarlege. Nokon søkjarar kan ha særleg rett på brukarstyrt personleg assistanse eller til opphald i sjukeheim. Som pårørande kan du ha rett på støttetiltak for pårørande jf. Helse- og omsorgstenestelova § 3-6.

Mål for pleie- og omsorgstenesta i Aukra kommune

Pleie og omsorgstenesta i Aukra sitt mål er at alle innbyggjarar i Aukra kommune med behov for bistand til å meistre eigen kvardag, skal få nødvendig behandling og omsorg med høg fagleg kvalitet. Tenestene skal i stor grad vere heimetenesteorienterte og ikkje institusjonsorienterte. Einingane har eit tett samarbeid i tildeling og yting av tenester.

Informasjon om saksbehandlingsprosessen:

- Saksbehandlar i kommunen mottok søknad om teneste. Søknaden blir scanna inn i elektronisk pasientjournal.
- Førebels svar vert sendt skriftleg til søkjar om behandlingstida er over 4 veker.
- Ein kartleggingssamtale blir gjennomført saman med søkjar enten ved eit heimebesøk eller i avdeling, eventuelt i eit nettverksmøte. Det blir gjort ei IPLOS - kartlegging av søkjar. Søkjar får informasjon om tenestene og om at vedtak fattast ut frå det behovet som kjem fram gjennom kartlegginga. Det blir i etterkant henta inn opplysningar frå samarbeidande instansar etter samtykke frå søkjar.
- Søknad blir behandla i koordinerande eining, der omfanget av tenester blir fastsatt. Vedtaket blir vidare gjort skriftleg av saksbehandlar i den elektroniske pasientjournalen og sendt ut som brev til søkjar.

Om kartlegginga

IPLOS (Individbasert Pleie og Omsorg Statistikk) er eit nasjonalt register med data som beskriv ressursar og behov for bistand til dei som søker om eller tek imot helse- og omsorgstenester, og inngår som ein del av kartlegginga. Alle som blir vurdert for tildeling av tenester har plikt til å gje opplysningar til IPLOS. Desse opplysningane er ein del av journalen din og er konfidensielle. Berre dei som treng det i arbeidet sitt har tilgang på opplysningane og dei tilsette har teieplikt etter

Helsepersonelloven. Årleg blir det sendt inn anonym statistikk til kommunalt pasient- og brukarregister, det er lov å reservere seg mot at diagnoseopplysningar blir sendt inn etter Helseregisterloven §17.

IPLOS er lovpålagt, heimla i lov av 18. mai 2001 nr.24, helseregisterloven og forskrift av 17. februar 2006 nr.204 om pseudonymt register for individbasert pleie- og omsorgsstatistikk (IPLOS-forskrifta).

Informasjon om kva type pleie- og omsorgstenester Aukra kommune tilbyr

Aukra kommune tilbyr ulike helse- og omsorgstenester. Tenestene gis i stor grad i søkars heim, men dei kan òg ystast i forbindelse med opphald i institusjon. Slike opphald kan vere avlastningsopphald, rehabiliteringsopphald og langtidsopphald i sjukeheim eller i Bergtun bufellesskap.

I heimen kan kommunen tilby fleire ulike tenester. Slike tenester kan til dømes vere:

- Heimesjukepleie
- Heimehjelp
- Matombringning
- Kvardagsrehabilitering
- Balansetrening
- Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
- Tenester frå psykisk helse og rus
- Oppfølgingsteneste rus
- Støttetiltak til pårørande (retteleiing, avlastning, omsorgsstønad)
- Støttekontakt
- Brukarstyrt personleg assistent
- Velferdsteknologi (sjå meir informasjon om kva teknologi kommunen kan tilby på heimesida til kommunen under fana velferdsteknologi).
- Tryggleikspakke
- Omsorgsbustader med og utan heildøgns omsorg
- Individuell plan og koordinator

Dagaktivitetstilbod

Aukra kommune har ulike dagaktivitetstilbod.

- Dagsenter for eldre
- Ulike aktivitetstilbod knytt til psykisk helse og rus
- Dagsenter knytt til tiltak funksjonshemma

Alle tenestane er behovsprøvd og det fattast vedtak ut frå kartlegginga som føreligg. Du kan lese meir om dei ulike tenestane på www.aukra.kommune.no.

Søknadsskjema for helse- og omsorgstenester i Aukra kommune

Personopplysningar:	
Fornamn:	Etternamn:
Fødselsnummer (11 siffer):	
Adresse:	Telefon:
Sivilstand:	
Epostadresse:	

Næraste pårørande:	
Namn:	
Telefon:	Relasjon til søkjar:

Fastlege:	
Namn:	
Legeskontor:	Telefon:

Grunngjeving for søknad:
Beskriv din situasjon og ditt hjelpebehov. Kva meistrar du på eiga hand og kva treng du hjelp til?

Om du har bistand frå andre som er relevant for din søknad beskriv du det her. Slike tenester kan til dømes vere tenester frå NAV, spesialisthelseteneste, privatpersonar eller andre.

Kva er viktig for deg? Er det spesielle omsyn som må takast når det gjeld organisering av tenesta?

Signatur og samtykke:

- Eg samtykker til at søknaden kan bli behandla tverrfagleg og at samarbeidande partar kan innhente naudsynte opplysningar frå kvarandre for å koordinere mitt tenestetilbod på ein hensiktsmessig måte.
- Eg samtykker til at Aukra kommune kan innhente inntektsopplysningar i dei tilfelle tenestane eg søker om krev eigenbetaling.
- Eg samtykker til at saksbehandlar får innsyn i min journal i forbindelse med saksbehandling av min søknad.

Du som søker kan kor ti som helst gje avgrensa samtykke eller trekke samtykket tilbake. Om du ynskjer å gje avgrensa samtykke ber vi om at informerer om det.

Dato:

Søker/partsrepresentant si underskrift:

Partrepresentant si rolle: